



# Familievernet

Familievernkontora er eit tilbod til par, familiar og enkeltpersonar når dei har samlivs- og relasjonsproblem

*No klarer vi å vere ueinige utan å krangle.*  
Ingeborg og Ole Geir

*Vi hadde ikkje klart krisa utan familievernet.*  
Grete



Tilvising er ikkje  
nødvendig

Familievernet  
har teieplikt

Tenesta er gratis



## Kva er familievernet?

**Familievernet er eit tilbod til menneske med ulike typar samlivs- og relasjonsproblem. Tilbodet til familievernet er gratis. Tilvising er ikkje nødvendig. Du kan sjølv ta kontakt med det nærmaste familievernkontoret ditt.**

Familievernet er ei spesialteneste som gir tilbod om behandling og rådgiving når det er vanskar, konflikhtar eller kriser i familien. Dei fleste kjem til familievern-

kontoret for rådgiving og samtalar om kvardagsproblem. På kontora arbeider mellom anna psykologar og sosionomar med vidareutdanning i familierapi. Dei som arbeider i tenesta, har teieplikt.

### For kven?

Familievernet tek imot enkeltpersonar, par og familiar – også barn og unge. Ta kontakt med familievernkontoret over telefon eller per e-post.



## Mekling – no også for sambuarpar

## Kva tilbyr familievernnet?

### Rådgiving og samtalar

Familievernnet møter og hjelper menneske gjennom ulike fasar i familieliv og livsløp. Familievernnet tilbyr hjelp:

- til par som ønskjer å jobbe med forholdet
- til nybakte foreldre som skal omstille seg og ta ansvar og omsorg
- til foreldre, barn og ungdom som strevar med samspelet i familien
- i samband med problem mellom generasjonane
- til å arbeide med problem etter samlivsbrot
- til å betre foreldresamarbeidet for ekspartnarar
- ved utfordringar med dine, mine og våre barn
- til familiar som slit ved sjukdom og tap

- ved konflikhtar mellom ulike familiekulturar
- ved tvangsekteskap og andre helseskadelege tradisjonar
- til foreldre og barn når vald er eit problem
- for likekjønnspar på lik linje med andre par

### Mekling ved separasjon og samlivsbrot

Familievernkontora utfører lovpålagd mekling for ektepar med felles barn under 16 år, når paret skal separerast. Sambuande foreldre som oppløyser forholdet, må også til mekling for å få utvida barnetrygd. Foreldre som ønskjer å reise sak for retten om kvar barn skal bu, samvær eller foreldreansvar, må først møte til mekling. Formålet med meklinga er å hjelpe familiar når dei lagar avtalar om foreldreansvar og situasjonen til barna.

### Kurs og gruppetilbod

Dei fleste familievernkontora tilbyr kurs og gruppeopplegg om aktuelle familie- og samlivstema. Blant tilboda er samlivskurs, parkurs for førstegongsforeldre, kurs for foreldre som har barn med nedsett funksjonsevne, og grupper for barn og vaksne etter samlivsbrot og når vald er eit problem i familien.

### Informasjonsverksemd

Familievernnet driv informasjon og opplæring på familie- og samlivsområdet. Aktuelle målgrupper er offentlegheita, utvalde befolkningsgrupper, media, barnehagar, skolar og andre faggrupper. Familievernkontora rettleier fagpersonar og samarbeider med miljø som jobbar med familie-, oppvekst- og samlivstema.

# Finn ditt lokale familievernkontor: [www.bufetat.no/familievern](http://www.bufetat.no/familievern).

Familievernet er ein del av Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat). Etaten er leidd av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir).

## **Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir)**

Postboks 8113 Dep  
0032 Oslo

Besøksadresse:

Universitetsgata 7/Stensberggata 25

Tlf.: 46 61 50 00

E-post: [post@bufdir.no](mailto:post@bufdir.no)

## **Bufetat Region aust**

Postboks 7024 St. Olavs plass  
0130 Oslo

Tlf.: 46 61 50 00

E-post: [region.ost@bufetat.no](mailto:region.ost@bufetat.no)

## **Bufetat Region sør**

Postboks 2403

3104 Tønsberg

Tlf.: 46 61 50 00

E-post: [region.sor@bufetat.no](mailto:region.sor@bufetat.no)

## **Bufetat Region vest**

Postboks 6200

5893 Bergen

Tlf.: 46 61 50 00

E-post: [region.vest@bufetat.no](mailto:region.vest@bufetat.no)

## **Bufetat Region Midt-Noreg**

Nordregate 12, 2. et.

7495 Trondheim

Tlf.: 46 61 50 00

E-post: [region.midt@bufetat.no](mailto:region.midt@bufetat.no)

## **Bufetat Region nord**

Betongveien 2

9509 Alta

Tlf.: 46 61 50 00

E-post: [region.nord@bufetat.no](mailto:region.nord@bufetat.no)



Familievernet er ein del av Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat). Etaten har som hovudoppgåve å gi brukarane våre hjelp, støtte og informasjon med god kvalitet uansett kvar dei bur i landet. Bufetat er organisert i fem regionar og eit direktorat under Barne- og likestillingsdepartementet (BLD). Bufetat har ansvaret for det statlege

barnevernet, familievernet og adopsjon. Det er familievernkontor i alle fylke i Noreg. Dei fleste er offentlege kontor, og ein del er kyrkjelege. Alle er organiserte under Bufetat. Dei kyrkjelege kontora er medlemmer av Kirkens Familievern (KF). Familievern tenesta er heimla i familievernkontorlova.